



Bente Olsmo Høgheim
Sognefjordvegen 143
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2743 - 17/35566

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
15.12.2017

Førebels svar - trong for tilleggsinformasjon - gbnr 245/9 Kvamme

Tiltak:

Byggjestad: Gbnr: 245/9
Tiltakshavar: Gunnar Petter Olsmo

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 26.09.2017.

Planstatus


Eigedomen er uregulert og er i kommuneplanens arealdel 2011-2023 (KPA) definert som LNF-føremål (landbruk-natur og friluftsliv).

Det er søkt om arealoverføring mellom parsell A og parsell B som ligg på gbnr 245/9 og 14. Parsell A, ca. 920m², skal tilleggjast gbnr 245/9 og parsell B, ca. 1330m², skal tilleggjast gbnr 245/14.

Skyldskifte frå 31.03.1945 gjeld hovudbruket bnr. 9. Skøyte av 13.08.1954 gjeld bnr 14 som er tilleggsareal til bnr 9, sjå annet avsnitt første setning:

Stykket er et tillegg til Olsmo's parsell Solberget g.nr. 94
br. nr. 9 og stykkets vestgrense blir mot denne parsell. Sydgrensen

Av vedlagte situasjonskart, datert 30.03.2017, med innteikna ny grenselinje og nye eigedomar, forstår vi at det er ønskeleg å få retta grensene til gbnr 9 og 14 slik at gbnr 9 og 14 framstår som to sjølvstendige eigedomar:



— Ny grenselinje.
— Nye eigedomar



Då bnr 14 er eit tilleggsareal til bnr 9, kan ikkje angjeldande søknad handsamast som ein arealoverføring. For å få grensene justert slik vedlagte situasjonskart syner, må det søkjast om å få oppretta bnr 14 som ny grunneigedom (fritidseigedom).

Søknad om ny fritidseigedom , krev dispensasjon frå arealføremålet LNF samt dispensasjon frå 100-meters beltet i sjø.

For oppretting av fritidseigedom er det krav om dokumentasjon på at tilhøve knytt til veg (pbl. §27-4), vatn (pbl.27-1) og avlaup (pbl. §27-2) er sikra ved avtale. Før dette er dokumentert, så kan ikkje søknad om dispensasjon for frådeling handsamast.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Dispensasjon frå arealføremålet LNF samt dispensasjon frå 100-meters beltet i sjø. Dispensasjonane skal vere grunngjeven og nabovarslast, sjå vedlagte veileder.
2. Målsatt situasjonskart.
3. Søknad om oppretting av ny fritidseigedom.
4. Dokumentasjon på at tilhøve knytt til veg (pbl. §27-4), vatn (pbl.27-1) og avlaup (pbl. §27-2) er sikra ved avtale for den nye fritidseigedomen (bnr 14)

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **samla innan 15.01.2018**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av <plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1/forvaltningslova § 11a.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
dispensasjon

Kopi til:

Bente Olsmo Høgheim	Sognefjordvegen 143	6863	LEIKANGER
Gunnar Petter Olsmo	Hallandsvegen 20	6863	LEIKANGER
Lise Olsmo Oen	Hylsengane 4	6863	LEIKANGER

Mottakarar:

Bente Olsmo Høgheim	Sognefjordvegen 143	6863	LEIKANGER
Gunnar Petter Olsmo	Hallandsvegen 20	6863	LEIKANGER
Lise Olsmo Oen	Hylsengane 4	6863	LEIKANGER